

## Mesta-pokalane

I 2008 og i 2014 vart det inngått avtalar mellom DFS Fjordane krets og Mesta v/ regiondirektør Kjell Næss om pokalar til landsdelskretsstemna bane og felt. Opprinnelag avtale var vandrepokal kl 3-5 pluss mindre sølvpokalar til vinarane i nokre av klassane.

### \* Mesta vandrepokal kl 3-5

Vandrepokal 19 cm høg til ein verdi av ca kr 10000,-  
Aksjevinnar var den med lågast plassiffer på  
42 skot grovfelt og 35 skot bane samanlagt.



Vandrepokalen gjekk ut etter 10 år, og suveren vinnar vart Vegard Solhaug frå Aurland, som vann i 2010, 2013, 2015, 2016 og 2017.

Andre aksjevinnarar: Idar Hersvik, Ole Arild Aa (2 aksjer), Hallgeir Aalvik og Bertel Oddne Mjellem

### \*Mestapokalar til klassevinnarane

For 2018 har Mesta v/ Kjell Næss gitt sølvpokalar til alle klassevinnarane.

Reglane er dei same som dei var for vandrepokalen, at klassevinnar blir den som har lågast plassiffer samanlagt på 42 skot felt og 35 skot bane.

For klassar som ikkje har finalar, blir vinnar kåra på 30 skot felt og 25 skot bane.

Dersom nokon står likt, blir vinnar kåra på samla tal innertreff på felt og innertiatarar på bane.

I år vil vinnarane av Mestapokalane bli kåra etter at feltmeisterskapet er blitt avvikla.